

Referat men.råd 21.6.24

Tilstades: Vigdis Vuttudal, Jon Nilsen, Leslie Fielding, Ingeborg A.Landrø og Liv Inger Kvalheim
Forfall: Anne Marit S.Røvik

Tid: 21.6.24 kl 10.
Sted: Dåpssakrestiet

Opning av Jon

Referatsaker: Gudsteneste 16.6. vart eit samarbeid mellom ulike sokn: Geitastrand, Orkland, Orkanger og Snillfjord. Jon, Leslie og Liv Inger var med på planleggingsmøte, og på friluftsgudstenesta på Geitaneset var Jon og Anne Kristine delaktige i litturgi og forbønn. Samarbeidet var eit ledd i sparetiltak i Orkland FR. Sjå sak 12/24.

Orkland mannskor har sagt ja til å kome på Jubileumsgudstenesta 29.9. Marit Johanne passa det ikkje for med konsert den 28.9.

Sak 12/24 Orkland FR, økonomi

Dette men.råds møtet er ei orientering og diskusjon angående den økonomiske situasjonen i Orkland FR. På møtet 11.6. fekk menighetsråda i Orkland ei orientering angående dette av fungerande kirkeverge Jørund Høllås, og kva dette vil kunne medføre for dei enkelte sokn. Det er snakk om ein reduksjon på 3,5 mill i 2024 og -25. Årsakene som vart påpeika var ei overraskande stor pensjonsutbetaling, og at det ikkje lenger var pengar på fond til å møte ulike variable kostnader. Straumutgifter var også nemnt, samt ikkje oversikt i øk.styring og budsjett. Ingeborg skal på eit møte i FR over helga, og vi vil ha ein gjennomgang av situasjonen og den foreslåtte "kuttlista" .

KUTTLISTE

Fellesrådet vedtok i møte av 19/3 at det skulle legges fram forslag for å bringe budsjettet for 2024 i reell balanse.

Etter en gjennomgang av regnskap og budsjett, framkommer det kostnader fellerådet formelt sett ikke har ansvar for (merket gult).

Disse foreslås tatt ut. Dette er imidlertid bare en liten del av hva som må gjøres for å ta inn ca 3,5 mill på revidert budsjett for 2024.

		Sparer		
	Helårsvirkning	2024		
1	150 000	75 000	Ikke betale for regnskapsførelse for menighetene lenger	
2	80 000	50 000	Ikke betale for menighetsbladet (hverken stilling eller annet)	
3	400 000	200 000	Reduserere antall gudstjenester (spares inn på inntei)	
4	120 000	60 000	Flytte ansatte til Meldal (sparer arbeidsgiveravgift)	
5	50 000	25 000	Halvere renholdet, legge dette inn i kirketjener / klokkers oppgaver	
6	20 000	15 000	Ingen solister på noen gudstjenester	
7	200 000	75 000	Stenge kirker 1 md hver, i tumus	
8	100 000	100 000	Minimere konfirmanntkostnad (betale for lokaler og undervisningsmaterieil, ikke noe annet)	
9	300 000	300 000	Permisjon diakon Magne 0824 - 0725	
10	100 000	100 000	Permisjon 40 % gravplassarbeider Jon Erik 0824 - 0725	
SUM	1 520 000	1 000 000		

Vi gikk gjennom kuttlista og kva dette har å seie for Snillfjord, **kva har vi å spare på?**

På mange områder er det ikkje gjort ei samordning etter samanslåing av kommuner og sokn. **Det er ulik praksis i ulike sokn om kva som er dekket av FR og kva som dei ulike MR betaler for.**

1 Snillfjord **fører rekneskapet sjøl utan lønn**, av kasserer i MR.

2 Menighetsbladet: Medarbeider Torill Størvold, som er lønna gjennom FR, har ein viktig funksjon med å hente inn oversikt over gudstjenester, døpte og døde, samt takkeannonser. **Viss ho ikkje får fortsette i denne oppgava, vil "Til stede" ikkje kunne garantere riktige opplysingar her.**

"Til stede" er i tillegg til nettsidene til kirkene, eit viktig uadretta tiltak for Orlandskirkene, som "alle" les.

3 Ang reduksjon i ant gudstjenester som er foreslått (dette skal eigentleg bestemmast av biskop og MR): 16.6.: samarbeid med fleire sokn om friluftsgudsteneste. 21.7. utgår. Jon oppdaga at gudstenesta 1. des er foreslått å utgå. **Dette ønskjer vi ikkje, og foreslår heller å la gudst. 1.juledag utgå.**

5 Reinhold: i Snillfjord er det bare timelønna tilsette. **Leslie har ikkje skrive timar for det han har gjort i år, og vil heller ikkje gjere det resten av året. Han stiller også som klokker og kirketonar gratis ut året.** Lurer på korleis FR vil løyse det i Snillfjord utan timelønna medarbeidare vidare. Kven skal sette på varme i kirka f.eks. Passe på at søppelstamper blir sett fram på tømmedato. Det blir dyrt å sende utover ein medarbeider for dette.

6 Solister på gudstenester: **Snillfjord har ikkje hatt tradisjon på å leige inn solister som betalast av FR.**

7 Stenging av kirker: **ser ikkje det som aktuelt for oss.** Vi har ikkje så ofte gudstenester, men greier å tilby dåp og sjølsagt gravferder slik det er no. **Kirka er lett å varme opp.**

8 Snillfjord har eit anna opplegg for konfirmanter enn dei andre sokna. Dei andre tilbyr konfirmantleir, som er veldig populært og eit trekkplaster for å velge kirkeleg konfirmasjon. Alle leiarar i men.råd var einige om å satse på barne- og ungdomsarbeid, og ikkje gjere kutt i stillingar der (men.pedagog og kateket) **Her i Snillfjord er det Jon som har stått for opplegget, og frivillige medhjelpere.**

Undervisning i kirka. Det har vore arrangert tur til Trondheim på bowling og besøk på kveldsmøte i Salem. Er dette noko vi vil fortsette med, eller skal vi tilby det same som andre kirker i Orkland? I Orkdal sokn var eigenandelen Kr 1400, som inkluderte alt, også leir, men ikkje fotografering.

Servering på konf.undervisning er i Sn.fj. ikkje belasta FR. Heller ikkje deltaking på opplegget i Tr.h.

Musikk på andakter: **Leslie har stilt opp gratis på dette, har spart FR for utgifter.**

Stabsmøter: treng vi å ha dette så ofte?

Blomster på alteret: **Dette har vi i Snillfjord kosta sjøl** (kanskje også i andre kirker). Vi kan spørre på butikken om dei har blomster å gi bort til helgas gudsteneste, når det ikkje er årstid for å ta med frå hagen. Og så kan vi kjøpe inn ved spesielle anledningar. (Kanskje vi kan spørre COOP om å sponse blomster til jubileet?)

#Det vart foreslått at innkjøp til kirkekaffe (fat, kopper ,servietter) kan gjerast fra kirkekontoret, så kan vi hente ut og bli fakturert. Da får vi momskompensasjon.

Som vi ser har Snillfjord spart FR for ein del utgifter allereie, og det er ikkje nokon grunn til å endre praksis, bortsett fra å vurdere tilbodet til konfirmantane (dette vil da kunne føre til auka eigenandel for våre, men vil da få tilgang på leir, saman med andre konfirmanter i Orkland, viss det er ønskeleg)

Eventuelt:

Jon har foreslått ei samling i sommar, i staden for den utgåtte gudstenesta. Foreslåtte datoer er 23. eller 25.7. Diverse aktivitetar som grilling, natursti, andakt. Værforbehold, inne i gymsal.

Ingeborg og Anders har fullført siste rest av detaljer på dåpssakrestiet. Dei har lagt ned veldig mykje arbeid, gratis, og vi får ikkje takka dei nok. Ingeborg får ein hortensia som symbolsk takk!

Referent Liv Inger Kvalheim

Ein del av teksten er uthava, dette fordi eg sender referat også til FR-leder og kirkeverge, og gjer det tydeleg kva Snillfjord bidrar til i sparing.